

Tilskot til lokale miljø- og klimatiltak – 2015

- søknadsskjema

Tilskot til lokale miljø- og klimatiltak i Hordaland, søknadsskjema for støtte for 2015. Send skjema til Hordaland Fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen eller sentralarkivet@hfk.no innan **1.april 2015**. Ver venleg å merke søknaden med: "Miljøorganisasjonar", Ref: 2014/23340".

Kontaktperson: Tale Halsør, tale.halsor@hfk.no, 55 37 80 11. Meir informasjon på www.hordaland/miljo

1. Søkjar

Namn på søkjar:	Naturvernforbundet Nordhordland		
Prosjektnamn:	«Rydd ein holme»		
Kontaktperson:	Ketil Hindenes		
Adresse:	Hoplandssjøen 74, 5943 Austrheim		
Telefon:	90038233	E-post:	ketil_hindenes@hotmail.com
Kontonr:	3632 52 09695	Organisasjonsnr:	Ikkje registrert

2. Søknad

Totalbudsjett:	30 000	Søknadssum:	10 000
Planlagt start:	2015 (prosjektet starta i 2012)	Planlagt slutt:	2018 (implementering i Austrheim)

Har de søkt om tilskot til prosjektet tidlegare? Ja

a) Målet med prosjektet

Hindra attgroing av kystlynghei på øyer og holmar og i strandsona i Austrheim, der spreinga no er kritisk. Særleg fokus på den svartelista sitkagrana. På lengre sikt spreia prosjektet til andre kystkommunar i Nordhordland og elles langs kysten. Pilotera prosjektet gjennom samarbeid med Nordhordland Biosfæreområde, Austrheim kommune, landbruksorganisasjonane, skogbruksnæringa, grunneigarar og skulen i Austrheim. Saman med Kystskogbruket arbeida for ein temaplan i kommuneplanen med klare prioriteringar av tiltak slik at skogsdrift blir tydeleg avgrensa og kystlynghei vert rydda og vedlikehalde.

b) Kvar skal prosjektet gjennomførast?

I Austrheim

c) Samarbeidspartnarar

Nordhordland Biosfæreområde: Ønskjer samarbeid om attgroingspilot med start 2015.
Kystskogbruket: Avtale om felles framstøyt mot kommunen (temaplan og andre tiltak).
Austrheim kommune: Har støtta prosjektet med landbruksmidlar i 2013 (10 000)
Naturvernforbundet: Har støtta prosjektet med prosjektmidlar i 2012 (6 000). Ny søknad i 2015 (6 000).
WWF: Aktiv fagstøtte. Kontaktperson: Trude Myhre.
Lokale grunneigarar og sauebønder: Har delteke i den årlege dugnaden i 2012 og 2013. Framhald i 2015.
Landbrukskontoret i Austrheim, Radøy og Fedje: Arrangerer lyngbrenningskurs for lokallaget.

d) Er kommunen involvert i prosjektet og evt korleis

Gjennom landbruksmidlar. I 2013 deltok ordførar Per Lerøy i den årlege dugnaden. Kommunen var også deltakar med ordføraren og plansjefen på Naturvernforbundet Nordhordland sitt folkemøte i mars 2014: *Slaget om sitkagrana. Kva gjer vi når opne landskap i Nordhordland gror att?* Om lag 60 deltakarar på møtet. Ordføraren signaliserte vilje til samarbeid i den pågåande kommuneplanprosessen. Austrheim kommune er dessutan gjennom Regionrådet Nordhordland pådrivar for Nordhordland Biosfæreområde, som vil pilotera eit prosjekt mot attgroing av kystlyngheia. Naturvernforbundet Nordhordland er medlem av styringsgruppa og ønskjer å gjennomføra piloten i Austrheim.

e) Korleis bidreg tiltaket til betra miljø og berekraftig utvikling?

Prosjektet fremjar biologisk mangfald, landskapsvern, friluftsliv og bærekraftige utmarsknæringar som sauehald og birøkt. Hovudfokus er bevaring av raudlista kystlynghei og kamp mot vill spreing av svartelista sitkagran.

2. Kort budsjettoversikt for 2015

Inntekter	kr	Utgifter	kr
Driftsstøtte frå HFK	10 000	Lønsutgifter	0
Medlemskontigent	2 000	Kontorutgifter	1 000
Prosjektmidlar frå Naturvernforbundet	1 000	Møteutgifter	3 000
Kommunale kulturmidlar	1 000	Aktivitetsutgifter	10 000
		Andre utgifter	
Sum inntekter	14 000	Sum utgifter	14 000

Alle finansieringskjelder (som eigne midlar, kommunale, fylkeskommunale, statlege og private tilskot, dugnader og gåver) skal spesifiserast. Budsjettet skal balansere.

3. Kort oversyn over planlagde aktiviteter i 2015 (maks ei halv side)

Dugnader:

- Lyngbrenning på Øksneset og småholmar før 15. april 2015 eller til vinteren.
- Rydding av sitkagran på Lerøy i april/mai.

Vidare oppbygging av utstyrsbank til trefelling og lyngbrenning:

- Motorsagar
- Verneutstyr
- Gassbrennarar
- Vispar til brannsløkking

Kurs:


- Kurs i lyngbrenning
- Kurs i bruk av motorsag

Møte:

- Temamøte: Korleis ta vare på kystlyngheia i den kommunale planlegginga? I samarbeid med Austrheim kommune og Nordhordland Biosfæreområde satsar vi på å få til dette møtet som ein del av kommuneplanprosessen.

Kva gjorde vi for midlane i 2014?

- Folkemøte på Austrheim vidaregåande skule 21.03.14: *Slaget om sitkagrana. Kva gjer vi når opne landskap i Nordhordland gror att?* Innlegg ved Lars Haltbrekken (Naturvernforbundet), Helge Kårstad (Kystskogbruket), Stein Byrkjeland (Fylkesmannen), Per Lerøy (ordførar i Austrheim) og Asbjørn Toft (plansjef i Austrheim). Om lag 60 fram møtte.
- Kurs i lyngbrenning for medlemmane med teori og praksis i Syltmarka på Radøy 4. og 5.04.14. Arrangør: Landbrukskontoret for Radøy, Austrheim og Fedje.
- Innkjøp av arbeidshanskar og anna naudsynt utstyr.



Søkjarar som får innvilga tilskot, skal levere kortfatta rapport for bruk av tilskotet. Dette skal gjerast seinast 1. april 2016. Om søknaden ikkje er fullstendig utfylt eller det manglar relevante vedlegg, kan det ikkje ventast at han vert handsama.

Leiar: _____ **Dato:** _____
(namn) (underskrift)